

Kostnader for bønder går ned - men tala viser ny trend

2023-08-24 01:00

Kostnadsnivået i jordbruket går ned for tredje måned på rad viser nye tal, men på fleire sentrale innsatsfaktorar viser indeksane nye trendar.

Nedgang i prisane på fleire sentrale innsatsfaktorar i jordbruket drar ned det samla kostnadsnivået for bønder for tredje måned på rad.

Det viser indeksen for kostnadsveksten til bønder, Bondens prisindeks (BPI), som blir laga av AgriAnalyse.

Langvarig nedgang

Med unntak for ein oppgang i månadene mars og april har indeksen vist ein nedgåande trend sidan oktober i fjor.

Kostnadene i jordbruket har siste åra auka langt kraftigare enn den generelle prisveksten i samfunnet. Siste tida har konsumprisindeksen (KPI), som ofte blir brukt som eit generelt mål på prisveksten i samfunnet, derimot begynt å hale innpå.

Dei siste tolv månadene har Bondens prisindeks (BPI) gått ned 5,3 prosent medan veksten i KPI har vore på 5,4 prosent.

Det er særleg prisane på kunstgjødsel og diesel som har dratt ned totalindeksen det siste året. Kunstgjødsel har hatt ein nedgang på 39 prosent og diesel ein nedgang på 28 prosent frå juli i fjor til juli i år.

- Det var skyhøge prisar på olje og gass for eitt år sidan. Nedgang i energiprisane er med på å forklare nedgangen i prisane på kunstgjødsel og diesel. I tillegg har til dømes prisen på råvarer som kalium og fosfat gått ned. Det bidrar også, seier Anel Finci, prosjektleiar i AgriAnalyse.

Prisane på elektrisitet drar også ned indeksen, ifølgje Finci.



Kraftfôr drar opp

Medan prisnivået på gjødsel og diesel har gått ned det siste året, etter stor oppgang, så har prisane på kraftfôr gått kraftig opp.

Prisveksten på kraftfôr har vore på over 27 prosent på vel halvtanna år.

- Kraftfôrprisane har dratt opp kostnadene. Auka målpris på korn har verka inn. I tillegg har kronekursen ikkje vore så fordelaktig. Det har gjort at prisane på importerte råvarer til kraftfôr har auka. Samla har det bidratt til å dempe nedgangen i kostnadene, seier han.

Ser nye trendar

I sommar ser det derimot ut til at pilene har snudd for fleire sentrale innsatsfaktorar i jordbruket.

Etter lang tid med fallande prisar viser indeksen auke igjen for kunstgjødsel den siste månaden medan diesel har gått opp to månader på rad.

Prisen på kraftfôr har på si side falle to månader på rad etter lang tid med oppgang.

Finci er litt overraska over den siste utviklinga.

- Eg ser eigentleg ingen openberr grunn til at prisen på kunstgjødsel skulle auke frå juni til juli, seier han og legg til at det kan skuldast vanlege prissvingingar frå måned til måned.

Han utelukkar derimot ikkje at prisane på gjødsel og diesel kan auke vidare utover hausten.

- Energiprisane pleier vanlegvis stige om hausten. Viss alt er normalt, så kan det verke inn også i år. Det er derimot vanskeleg å seie og det er fleire faktorar som spelar inn, seier han.

Image info:

Endring: Prisane på fleire sentrale innsatsfaktorar i jordbruket har snudd dei siste månadene.

Optional[© Nationen - Login]

Alle artikler er beskyttet av lov om opphavsrett til åndsverk. Artikler må ikke videreformidles utenfor egen organisasjon uten godkjenning fra Retriever eller den enkelte utgiver.

Les artikkelen ved å klikke her.